HERØY kommune

Rutine for forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14.

Informasjon om reguleringsendring ved forenkla prosess, tidlegare kjent som mindre endring/mindre vesentleg reguleringsendring.

Sist endra 10.11.2026

Reguleringsendringar følgjer i utgangspunktet same reglar som ved utarbeiding av detaljregulering. For nokre reguleringsendringar er det lagt opp til ein enklare prosess, etter plan- og bygningsloven § 12-14. Dette gjeld endringar som:

- *i liten grad elles vil påverke gjennomføringa av planen*
- *ikkje går utover hovudrammene i planen*
- *og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde*

Om saka kan handsamast som mindre reguleringsendring avklarast i oppstartsmøte med kommunen. Kommunalsjef for samfunnsutvikling har mynde til å gje løyve til å starte arbeidet.

Komplett søknad om planendring skal sendast til kommunen etter det er gjeve løyve til oppstart. Kommunen vurderer om omsøkt endring kan handsamast ved forenkla prosess. Rundskriv H-6/17 er rettleiande i denne vurderinga. Kommunen sender saka på høyring til eigarar og festarar av eigedomar som vedtaket direkte vedkjem og andre partar som saka gjeld (nabovarsel). Kommunen sender også saka til dei sektormynda som planen vedkjem for uttale. **Frist for uttale skal vere minimum 3 veker.**

Komplett søknad om endring skal som minimum innehalde følgjande:

- Tittel: Planendring for “namn på reguleringsplan” - mindre endring
- Forenkla planskildring inkl. skildring av konsekvensar(skildring av kva som er ynskje om å endre i plankart og/eller føresegner– med grunngjeving)
- Revidert plankart i pdf og SOSI
- Revidert føresegn (den originale føresegna skal reviderast)
- Kart - situasjonsplan, illustrasjon av endringa
- Utfylt ROS-skjema frå Statsforvaltaren(ev.avdekt risiko må følgjast opp vidare).

Forslagsstillar sender søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess til kommunen gjennom våre digitale skjemaløysingar:

https://www.heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/kontakt-oss/